



Deloitte AS

Dato: 24.10.2016  
Vår ref.: 2015/11183-31  
Dykkar ref.:

## Partsbrev - Bestilling av selskapskontroll

### Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.10.2016

#### Handsaming i møtet

Kontrollutvalet ønskjer at Deloitte gjennomfører selskapskontroll av Bybanen AS

Føremål med selskapskontroll av Bybanen AS er å vurdere om brukarane får dei tenestene dei har krav på.

#### Problemstillingar/moment:

- Har Bybanen AS ein «plan B» for passasjertransport ved driftsproblem – beredskapsplan
  - Tilfredstillande plan?
  - Fungerer den?
  - Samarbeid med aktuelle aktørar
- Rollefordeling, samhandling og klare grenser mellom aktuelle aktørar som t.d.:
  - Samferdselsavdelinga
    - Skyss
  - Kreolis
  - Bybanen utbygging
  - Bybanen AS

På bakgrunn av det som kom fram i møte vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 3.11.2016 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*